

# Storebø skule i ny drakt

– ein framtidsretta og moderne skule



## Innleiande ord

Rådmannen legg med dette fram forslag til renovering og utbygging av Storebø skule etter vedtak frå kommunestyret i Austevoll. Saka er utarbeidd i tråd med kommunen sitt prosjektreglement som stiller krav om at rådmannen legg fram ei behovsanalyse, forprosjekt og detaljprosjekt før ein vedtar byggestart. Vi er no i ein fase der forprosjektet skal konkluderast. Når forprosjektet er vedtatt, skal detaljprosjekteringa starte opp og det skal utarbeidast framlegg til spesifisert byggeprogram med overslag over totale utgifter.

Skulen er eit viktig referansepunkt i lokalsamfunnet og ein viktig møtestad til kvardag og fest. Det er vår intensjon at forslaget skal gi oss gode og funksjonelle lokaler for elevar og tilsette ved skulen. Det er lagt vekt på at prosjektet skal vere berekraftig innafor våre økonomiske rammer, og at delar av skulens areal kan nyttast av andre utanom skuletid. Vidare er det eit mål at uteområdet skal bidra til trivsel for skulen og alle andre i nærområdet på Storebø.

Kort oppsummert er det slik at rådmannen tilrår ei vidare detaljprosjektering m/eit kvalifisert kostnadsoverslag av løysinga som er framlagt av Holon. Etter ei samla vurdering av dei to forslaga, og ei vurdering av alternativt nybygg, konkluderer rådmannen med at Holon si løysing er den klart beste. Nærare grunngjeving for dette framgår nedanfor i saksframlegget. Det er nødvendig å klargjere løysinga til Holon på nokre punkt basert på innspel me har fått, spesielt gjeld dette kulturskulen og SFO sine behov. Dette meiner me er mogeleg å få til.

Når detaljprosjektering og kostnadsoverslag er klart, kan kommunestyret fatte vedtak om bygging. Dette kan gjerast i oktober eller desember 2023 med påfølgande anbodsrunde vinter 23/24 og oppstart av byggearbeid sommaren 24 og ferdigstilling hausten 2025.

Det er ikkje til å koma forbi at utbygging av skulen utfordrar oss finansielt, uavhengig av kva løysing som blir valt. Det må setjast ei grense for kostnader som gjev oss sikkerheit for at det nye kommunestyret ikkje får ei stor økonomisk utfordring i fanget etter valet i haust. Det skal etablerast ei god brakkeløysing sommaren 2023 som sikrar nye klasserom for perioden fram til ny skule står klar.

Det er gjort vurderingar om endring av lokalisering for Storebø skule. Rådmannen har vurdert dette i kapittel 11, som i samanheng med økonomivurderingar i kap 2, konkluderer med ei tilråding der Austevoll kommune ikkje har økonomisk handleevne til eit slikt prosjekt.

God lesing!

Storebø 28. mars 2023

Bjarte Madsen  
Rådmann

Bjørn Christian Bjånesøy  
Kommunalsjef oppvekst

## Innhold

1. Bakgrunn for saka
2. Økonomiske føresetnader
3. Behovsanalyse
4. Arkitektkonkurranse
5. Arbeidsgruppe
6. Elevgrunnlag Storebø skule
7. Storebø skule i dag
8. Løysing levert frå SE Arkitekter
9. Løysing levert frå Holon
10. Uttaler frå høyringspartar
11. Alternativ plassering av nybygg/referanseprosjekt
12. Endeleg vurdering og konklusjon

### 1. Bakgrunn for saka

Storebø skule vart bygd ut i tråd med kommunestyrevedtak gjort våren 2014. Utbygginga blei gjennomført etter ei lengre utgreiing, der det i utgangspunktet var tenkt at ein også skulle ruste opp andre skular i kommunen. Det viste seg at renovering av fleire skular vart for kostbart, og det blei bestemt å bygge ut Storebø skule og seinare overføre elevar frå andre skular til Storebø og Selbjørn skule.

Skulen slik han framstår i dag, er frå fleire tidsepokar, 1950-, 1990- og 2000-talet. Den er såleis tufta på varierende pedagogiske modellar. Den siste store ombygginga vart ferdigstilt hausten 2016, med investeringar på omlag kr 100 mill.

E-bygget, der dei fleste klasseromma ligg, er eit nybygg frå 2016. Det same er C-bygget, som er skulen sitt administrasjonsbygg. Den eldste delen av skulen som stod klart i 1956, vart renovert innvendig og etterisolert. Det blei bygd eit nytt undervisningsrom og lagerrom i bakkant av gymnastikksalen og gjort ei oppgradering av deler av uteområdet. Paviljongen i forkant av skulen mot sør, blei meir eller mindre ståande slik den var, men det blei bygd eit tilbygg som sikra gjennomgang frå gamleskulen og det nye E-bygget.

Skulen har i noverande versjon, eit samla areal på rundt 5900 kvm. I nye arealeffektive bygg, er dette normalt tilstrekkeleg til å ta imot 350 – 400 elevar. Årsaka til at skulen i dag ikkje blir opplevd som stor nok, skuldast nok at bygget er oppdelt og framstår utan den naturlege heilskapen som moderne skulebygg skal ha. Det er vår ambisjon å rette på dette utan å bygge meir enn det som er nødvendig. Dette betyr at me må rive dei delar som ikkje lenger oppfyller krava, og innlemme nybygget i dei delar av skulen som er funksjonelle. Vedtaket om plassering og bygging i 2014, er med å sette eit premiss for framtidens løysing som me ikkje kjem unna. Noko anna blir for kostbart, jfr pkt 2 og 11 nedanfor. Det er mange som meiner at plasseringa av bygget var feil i 2014, og det blei gjennomført ei utbygging mange meiner var ufullstendig - dette tek me no sikte på å reparere.

Til orientering var noverande kommunalsjef, rektor ved Storebø skule i perioden 2000 –2018.

## 2. Økonomiske føresetnader

Før me startar opp, må me stille oss dette spørsmålet:


*Kor mykje midlar har me disponibelt i skulesaka?*

Dette er eit vesentleg spørsmål ein må ta stilling til før ein treff ei avgjerd.

Norske kommunar er inne i ei brytningstid der me er ramma av inflasjon og kostnadsauke over heile linja. Dette har gjort investeringsprosjekta langt dyrare og dermed meir krevjande å få gjennomført. Det er også store og inngripande reformer på gong i inntektssystemet for norske kommunar. Rådmannen har klart gitt uttrykk for bekymring omkring dei forslaga som ligg i bordet. Blir det gjort endringar som slår negativt ut for Austevoll kommune, vil det klart påverke investeringsevna vår dei komande åra. Driftskostnadene aukar i alle delar av drifta vår. Etter 6 samanhengande år med gode overskot, har me i 2023 budsjettet med eit underskot på kr 2,5 mill. Dette er i seg sjølv ikkje truande, men det viser ei utvikling som over tid kan bli ei utfordring for kommunen.


Austevoll kommune har eit disposisjonsfond som etter rekneskapsåret 2022 vil få tilført nye midlar slik at det har ein storleik på kr 150 mill. Av dette er det allereie bestemt at det skal nyttast kr 70 mill til Austevollpakken og oppgradering av vegstrekningar i samarbeid med Vestland fylke. Dette arbeidet er i gang og vil fortsette i 2023 og åra som kjem. Legg me til grunn at 2023 ikkje vil tilføre nye midlar til disposisjonsfondet, vil dette bli redusert til omlag kr 80 mill gjennom dei veginvesteringar som blir gjort i Austevollpakken. Kommunestyret har eit måltal for disposisjonsfondet - det skal vera 13% av brutto omsetning.

Me nærmar oss no ei omsetning på kr 600 mill. Dette inneber at disposisjonsfondet skal vera på omlag kr 78 mill. Dette betyr at det berre kan brukast inntil kr 2 mill i eigenkapital utan at ein bryt målalet for disposisjonsfondet. Utbygginga må lånefinansierast om ein ikkje skal nedjustere målalet for fondet vårt. Rådmannen vil ikkje tilrå å senke målalet for disposisjonsfondet - me treng desse reservane i åra som kjem. Graf og tabell nedanfor viser utviklinga i disposisjonsfondet i Austevoll og nabokommunar siste 4 år:



	2019	2020	2021	2022
Austevoll	15,7 %	20,9 %	23,6 %	25,8 %
Tysnes	20,0 %	19,5 %	21,2 %	22,5 %
Bømlo	8,3 %	8,7 %	7,4 %	3,1 %
Stord	0,9 %	5,6 %	7,1 %	7,4 %
Fitjar	12,1 %	16,0 %	11,9 %	13,5 %
Øygarden	5,0 %	2,9 %	2,5 %	4,0 %
Kostragruppe 02	8,6 %	9,8 %	11,8 %	13,5 %


Alternativet er å lånefinansiere utbygginga. Då kjem ein i konflikt med måлтаlet for gjelda vår. Måлтаlet er 90% av brutto omsetning. Legg me til grunn 600 mill i omsetning, betyr måлтаlet at netto gjeld ikkje skal overstige kr 540 mill. I dag har me netto gjeld på om lag kr 566 mill, stigande til om lag kr 583 mill i 2023. Gjeldsgraden i Kostra-rapporten for 2022 viser at gjeldsgraden i dag er rundt 95%. Den er med andre ord noko høgare enn måлтаlet, men den har samstundes vore på rett veg dei siste åra. Store investeringar med låneopptak, vil endre dette. Graf og tabell nedanfor viser gjeldsgrad i Austevoll og nabokommunar siste 4 år:



Legg me til grunn eit premiss om at disposisjonsfondet skal haldast i ro på omlag kr 80 mill, og at me finansierer utbygginga med lånemidlar, gir dette slik gjeldsgrad på dei ulike lånenivåa:

Lånesum utbygging	Ny netto gjeld	Ny gjeldsgrad (basert på kr 600 mill)
150 mill	733 mill	122%
200	783	130%
250	833	139%
300	883	147%
350	933	155%
400	983	164%

Grafisk kan dette framstillast slik:



Gjeldsgraden vil auke uansett kva løysing ein fell ned på for skuleutbygginga. Det er her tatt med ein stor låneauke opp til kr 400 mill som samsvarer med dei behova som ei alternativ plassering av nybygg fører med seg, sjå nærare nedanfor under pkt 11. Me kan forvente kostnader og dermed låneopptak på kr 400 mill ved eit nybygg på Eidsbøen. Då aukar netto lånegjeld til kr 983 mill. No kan ein sjølv sagt argumentere med at kommunen betaler avdrag kvart år og at utbygging vil skje over ein lengre periode. Dette vil likevel ikkje endre det faktum at kommunen får ein svært høg vekst i lånegjelda då det alltid vil vera andre behov som også skal tilgodesjåast med investeringar. Det er derfor svært sannsynleg at lånegjelda aukar slik som ovanfor skissert.

Eit ambisiøst vedtak som krev store låneopptak, kan utfordre den gode økonomien Austevoll kommune har opparbeidd dei seinare åra. Det er også eit spørsmål om det er riktig å sende ei slik gjeldsbør over til det nye kommunestyret som skal veljast hausten 2023. Finanskostnadene vil aleine auke med rundt kr 15 – 20 mill kvar år ved ei slik løysing. Samstundes vil vedlikehaldsbehovet fortsatt vere til stades for 5900 kvm på Storebø skule. Dette vil sette preg på økonomien i Austevoll kommune i mange år framover.

Rådmannen er klar på at nybygg drar med seg så store kostnader at ein sterkt vil frarå ei slik løysing.

Dei to forslaga på Storebø som nedanfor er vurdert, legg opp til nybygg på om lag 3000 kvadrat og ombygging/renovering av ca 1000-1700 kvm. Kostnadene med dette vil også vera betydelege, men halvparten av byggekostnadene for ein ny skule. Nedanfor i pkt 11 er det vist til diverse referanseprosjekt der ein ser at bygg som er prosjektert og gjennomført før "koronaprisane" slo til, har klart lågare prisar enn det som er situasjonen no.

I dag er det også stor usikkerheit rundt prisar. Ein del materialprisar er gått ned i pris, men prisindeksen for bygg er ikkje tilsvarende redusert. Ein nabokommune avlyste nyleg ein konkurranse der prisane for eit barnehagebygg endte opp på kr 56 000 pr kvm i anboda. Legg vi dette til grunn for renovering av Storebø skule, ser vi for oss kostnader på kr 170 mill for nybygg-delen. I tillegg kjem rivekostnader og utbetring av uteområdet.

Det er vanskeleg å sjå for seg at ramma for Storebø skule skal bli mindre enn kr 200 mill. Den einaste måten å få eit sikrare svar på dette, er å gå vidare med detaljprosjektering og innhente eit kvalifisert kostnadsoverslag som ein legg til grunn i anbudsutlysinga. Prosjektreglementet vårt legg opp til dette.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2023 blei det presisert at utbygging ved Storebø skule skal kunne ta til i 2024, og investeringsmidlane blir derfor framskunda med eitt år med 50 mill. kroner i 2024 og 75 mill kroner i 2025. I dette ligg at det kan prosjekterast haust 2023 og gjennomførast anbudsrunde vår 2024 med tanke på oppstart sommaren 2024. Klarer ein dette kan skulen i beste fall kan stå klar i 2025.

***Rådmannen sin konklusjon vil vere at Austevoll kommune ikkje kan strekke seg lenger enn til ei budsjettamme på maksimalt kr 200 mill for å utbetre Storebø skule. Med denne ramma, er det ikkje mogeleg å bygge ny skule.***

*Rådmannen presiserer at det i denne vurderinga ikkje er tatt inn andre finansieringsformer. Det er lagt til grunn at det er konsensus i kommunestyret om at eigedomsskatt ikkje skal innførast. Dette er verktøyet lova opnar for om ein vil auke dei frie inntektene til kommunen.*

*Vidare er det lagt til grunn det einstemmige vedtaket i kommunestyret der det blei sagt at det ikkje skal etablerast bompengar på tilførselsveggar til Austevoll. Bompengar kan heller ikkje nyttast til finansiering av skulebygg. Det er tiltak etter veglova som kan finansierast på denne måten etter godkjenning frå Stortinget. Sjå nærare i denne orienteringa:*

[Ti ting du bør vite om bompenger. Faktisk.](#)

Her er det spesielt understreka at det er tiltak etter veglova og kollektivtiltak som kan nyttast som føremål for å innføre bompengar. Det kan ikkje innførast bompengar for å finansiere andre utgifter eller investeringar i kommunen. Dette må ein finansiere gjennom dei ordinære kjeldene som kommunen har til rådvelde.

### 3. Behovsanalyse

Eleventalet ved Storebø skule var høgt allereie frå det tidspunkt skulen var utbygd. Det blei og konstatert at det var manglar ved rominndeling og andre funksjonar som gjorde at skulen ikkje klarte å fylle dei funksjonane som eit nytt og moderne skulebygg skal ha. På bakgrunn av dette blei det etablert ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærare på behova ved skulen, og mogelege tiltak for å utbetre dei manglane som vart påpeika.

Arbeidsgruppa presenterte ein behovsanalyse for Storebø skule. Denne vart lagt fram for kommunestyret 28. oktober 2021 i sak 125/21 kor det blei vedteke:

- *Kommunestyret vedtek at styringsgruppa får mandat til å bruke 600 000 kr til eit forprosjekt som omhandlar:*

- Primærrom
  - Fasadeendring
  - Uteareal
  - Parkering
  - Oppgradering/rehabilitering kultursal
- Behovsanalysen må oppdaterast til også å innehalda analyse over parkering og kultursal, og innspel frå FAU. Analysen skal leggjast føre politisk nivå etter oppdatering før den blir lagt til grunn for forprosjekt.
  - Det skal leggjast fram sak til politisk handsaming i juni 2022 der forprosjektet dannar grunnlaget for eit eventuelt politisk vedtak om rehabilitering og utbygging av Storebø skule.

I tråd med punkt 2 i kommunestyret sitt vedtak, blei behovsanalysen revidert og lagt fram for godkjenning i tenesteutvalet 18. januar 2022, der det blei fatta slikt vedtak:

*Austevoll kommune ved tenesteutvalet godkjenner revidert behovsanalyse slik den ligg føre. Dei oppsummerte primærbehova i behovsanalysen vert brukt som grunnlag for invitasjon til arkitektkonkurranse der 3 ulike firma skal presentera ei løysing for utbetring av Storebø skule.*

Dei oppsummerte primærbehova er definert slik i behovsanalysen:

1. 5 klasserom (med grupperom, toalett og garderobe)
2. 10 arbeidsplassar og møterom
3. Spesialrom
  - Desse tre kulepunkta må ein sjå i samanheng. Det er 4 klasserom i E-blokka som kan omdisponerast/brukast for å oppnå føremålet
4. Samlingslokale, vrimleareal til samlingar, utstillingar
5. Gymsal
  - Det er samlingslokale i dag, men arealet er for lite og lite føremålstenleg. Elevkantina er også eit definert område der ein må sjå på moglege utvidingar
6. Uteområde
  - Effektiv og tenleg utnytting av området rundt skulen. Tiltak for å heva universell utforming og harmonisering av fasadeuttrykk
7. SFO-avdeling
  - Avdelinga har for knappe areal til basen sin pr i dag
8. Kontor til samarbeidande tenester (PPT, fysio/ergo, barnevern, helsesjukepleiar)
9. Parkeringsareal – infrastruktur og trafikkisikring
  - Trafikkisikring rundt skulen er det viktigaste for skulen. Her er ulike tiltak og planar for å betra situasjonen planlagt (bla Hjartesone og utbetring av Vestbøbrekka). Parkeringstilhøva er tilstrekkeleg med bruk av plassar nede ved gamle kommunehuset.

## 4. Arkitektkonkurranse

Austevoll kommune sendte ut invitasjon til 11 arkitektkontor 26. januar 2022. Innan fristen 4. februar 2022, hadde fire meldt si interesse. Det vart halde informasjonsmøte og arrangert omvisning på skulen for desse fire selskapa 9. februar 2022. På møtet blei det gitt nærare informasjon om oppdraget, prosess og framdriftsplan. I etterkant av møtet blei det sendt ut referat med presisering



av vilkår og andre svar på spørsmål som blei reist av arkitektane. Selskapa fekk frist til å levere skisser med teikningar og verbaldel til forslaga innan 5. april 2022.

Det blei gitt ordre om slikt formelt innhald i forslaget:

*Austevoll kommune ber om at utkastet inneheld minimum:*

- 1. ein verbaldel der leverandør generelt forklarar løysinga som er valgt, der det er mogeleg å vurdere løysinga opp mot dei 9 punkta som er lista opp.*
- 2. situasjonsplan for området*
- 3. teikningar, plan- og tverrsnitt i målestokk 1:200*
- 4. illustrasjonar av framlagt løysing*

Innan fristen kom det inn tre forslag til løysing på skulen sine arealbehov.

Forslaga vart levert av:

- Holon AS
- Arkitekt Melanie Bergeron AS (SE Arkitektur)
- Kaleidoscope AS

Kommunen nytta ABO som konsulent til å gå gjennom framlegga, og konklusjonen frå dei var at Kaleidoscope leverte det beste framlegget. Saka vart lagt fram for kommunestyret 16.06.22, sak 061/22. Her blei det lagt fram ei samla vurdering basert på funksjonalitetskriteriene og økonomi. Samlekarakteren er vekta i tråd med bestillinga og gav slikt resultat i rådmannen si tilråding:

	<b>Holon</b>	<b>Kaleidoscope</b>	<b>Bergeron</b>
Funksjon	8,17x0,7 = 5,72	5,88x0,7 = 4,12	4,77x0,7 = 3,34
Økonomi	1x0,3 = 0,3	3x0,3 = 0,9	4x0,3 = 1,2
<b>Samleresultat</b>	<b>Resultat = 6,05</b>	<b>Resultat = 5,02</b>	<b>Resultat = 4,54</b>

Kommunestyret fatta slikt vedtak i saka:

- *Dei framlagte skissene viser tre ulike løysingar på plassutfordringa ved Storebø skule. Alle forslaga er kostnadsrekna til langt meir enn midlane som er avsett i budsjett.*
- *Det er behov for tettare samarbeid mellom rådmannen og politisk nivå for den vidare planlegginga av prosjektet. Formannskapet og gruppeleiarane frå Senterpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne skal utgjere ei politisk arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa vil bidra i nødvendige avklaringar overfor rådmannen, og ha som særleg mandat å vurdere kostnad og finansiering med bakgrunn i behovsanalysen.*
- *Dei framlagte skissene medfører omfattande byggeaktivitet som vil ta tid å realisere. Kommunestyret ber derfor rådmannen leggje fram sak for ei betre mellombels løysing med brakker/paviljongar som er langt meir tenlege enn dagens løysing.*

## 5. Arbeidsgruppe

Etter ein gjennomgang av dei tre ulike forslaga, vart arbeidsgruppa samd om at ein ville gå vidare med forslaga frå Holon og Bergeron, og be dei justere skissene sine noko. Bergeron sitt framlegg måtte utvidast, medan Holon måtte redusere sitt forslag.

Nye justerte forslag vart levert til kommunen i desember 2022, og vart presentert for arbeidsgruppa 12. januar 2023. I dette møtet vart administrasjonen beden om å gjennomføre ei saksutgreiing med utgangspunkt i forslaga som låg i bordet, og legge fram sak for kommunestyret i løpet av våren 2023. Arbeidsgruppa hadde sitt første møte 17.08.22, og har totalt hatt fire møter i denne perioden.

## 6. Elevgrunnlag Storebø skule

Fødselstala syner ein nedgang i heile kommunen dei seinare åra. Dette samsvarar med nasjonal trend - seinast i nyhetene 7. mars 23 er det stor merksemd rundt dette. Av dei borna som er fødd i Austevoll 2022 er det 29 som soknar til Storebø skulekrins. Ut frå dei tala me no sit med, vil elevtalet truleg vera lågare enn det me tidlegare har lagt til grunn for åra 2026-2029. Ein vil mest truleg ha 2 parallelar i kvart klassetrinn desse åra. Om denne trenden held seg, kan ein ende opp med eit elevtal som blir redusert frå dagens 350 elevar, til ca 300 frå 2027. Samstundes så er det store kull fødd i 2009-2012, dette kan igjen føre til at fødselstala går opp når desse byrjar å få born, men dette skjer mest sannynleg frå rundt 2035. Bygger ein for lite no, og folkeveksten tar seg opp igjen fram mot 2040, vil skulen igjen mangle areal.

Folkeregistrert i Austevoll 12. januar 2023:

Fødselsår	Tal	Krins	Storebø skule
2013	79	51*	(53)**
2014	84	50	(48)
2015	84	58	(53)
2016	86	60	(56)
2017	72	48	(43)
2018	71	46	
2019	68	45	
2020	56	34	
2021	54	32	
2022	51	29	

\* Talet for Storebø krins er registrerte born med adresse Storebø, Torangsvåg, Bakkasund, Litlekalsøy, Møkster.

\*\* Tal i parantes er faktisk tal på elevar på skulen i dag. Nokre born går på tvers av skulekrinsen

### Analyse:

For perioden 2013 – 2016 er det 333 born i kommunen.

219 er registrert i krinsen til Storebø skule – dvs 66% av totalt antal born i desse årskulla i kommunen. 210 av desse borna er elevar ved Storebø skule – dvs 63% av borna. Ut frå dette kan me legge til grunn at omlag 63 – 66% av borna i Austevoll går på Storebø skule.

Når 2016-kullet går siste året på Storebø skule (28/29) – vil det ut frå dagens tal vere registrert 458 born i kommunen som går på barneskule. Dette talet blir sjølvstøtt påverka av inn- og utflytting, men dette er justeringar som er svært usikre - dei kan redusere eller auke talet på elevar. Av dei 458 borna, er 294 busett i krinsen til Storebø skule.

66% av 458 born - 302 elevar  
63% av 458 born - 288 elevar  
Busette born - 294 elevar

Dette resonnementet resulterer i ei prognose der skulen i skuleåret 28/29 har mellom 288 – 302 elevar. Dette er mindre enn dagens elevtal som for skuleåret 23/24 er forventa å bli 353 elevar.


I behovsanalysen er det innteke ein tabell med ulike framtidsutsikter for elevtalet på Storebø skule. Dei faktiske tala me no har skissert ovanfor, samsvarar med det bilete som er teikna i lågsenarioalternativet i tabell 2:

Tabell 2.

Den neste tabellen viser data frå fylkesstatistikk Vestland fylkeskommune og Folkehelse rapporten, prognose for Storebø skule.

år	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
hovudalternativ	335	334	336	336	340	340	340	336	331	336
høgsenario	341	341	347	349	358	363	367	367	367	375
lågsenario	327	327	320	314	315	311	306	297	289	290

Tal frå SSB understrekar også utviklinga. Antall born 0-4 år er 300 i dag, medan talet på born 5-9 år er 405:



Slik stoda er no, vil det mest akutte behovet for Storebø skule vere dei neste tre-fem åra. For å bøte på det akutte plassbehovet har kommunen bestilt inn nye midlertidige undervisningslokaler som skal kome på plass i løpet av sommaren 23. Dette inneberer at ein får brakker i to etasjar på same plass som dagens brakker står, og ein får dermed 2 undervisningsrom meir enn det ein har i dag.

Rådmannen legg til grunn at dette vil avbøte dei akutte behova, men at det ikkje er ei løysing som ein skal "lene" seg på. Storebø skule har behov for opprusting, uavhengig av elevtal og prognoser rundt dette. På den anna side er dei låge fødselstala, ein faktor som er med å påverke storleiken på skulen. Me skal ha noko reservekapasitet, men ikkje meir enn det som er nødvendig.

Me legg til grunn at Holon sitt alternativ med 21 klasserom (3 parallellar) er stor nok til å ta imot mellom 350 – 400 elevar. Dette betyr at me har ein reservekapasitet med denne løysinga på om lag 50 – 100 elevar. Rådmannen vurderer at dette er tilstrekkeleg margin fram mot 2040 som også kan nyttast av kulturskulen. Tilsvarande legg me til grunn at SE Arkitektur sitt forslag har reservekapasitet som er endå større.

## 7. Storebø skule i dag

Storebø skule ligg sentralt plassert på Storebø, like ovanfor kyrkja og den historiske havna/kaien på Storebø. Det er planlagt ein hjartesone for avslepp av elevar nord for skuleområdet oppe ved Birgittunet. Dette skal sikre trygg tilkomst for elevar og hindre trafikkfarlege situasjonar som lett kan

oppstå slik trafikken i dag er tilrettelagt. Denne delen av prosjektet er ikkje berørt av arkitektforslaga.


Parkering for dei tilsette må flyttast til nedsida av skulen. Det er parkeringsplassar disponert av kommunen like inntil gravplassen, og på taket av Austevollbadet. Rådmannen legg til grunn at dette er tilstrekkeleg.

Austevollbadet ligg like nedanfor skulen sitt uteområde. Det er tilrettelagt med enkel tilkomst for elevane ned mot badet. Skulebuss har snuplass i same området nede ved kyrkja. Dette sikrar god tilkomst for elevane som kjem til skulen med buss.


Det er to svært ulike forslag som no ligg i bordet, både med tanke på utforming og areal. Begge forslaga vil bli nærare kommentert nedanfor. Full presentasjon av forslaga slik dei er mottekne, med planløyising og verbaldel, ligg som vedlegg til denne saka. Rådmannen presiserer at desse supplerer saksframlegget og at ikkje alle elementer i desse forslaga blir kommentert her.

Forslaga er som sagt ulike, men det er sjølvstøtt mange faktorar som er like. Det er ingen grunn til å tru at nokon av forslaga har preferansar i høve til grunnarbeid, røyropplegg og anna infrastruktur som naturleg er ein del av plasseringa, den er jo tilnærma lik.


På den anna side er det nokre driftskostnader som heng saman med antall kvadratmeter. Storebø skule har i 2022 driftskostnader til reinhald og straum på ca kr 2,2 mill. Deler med desse på skulen sitt noverande areal, får me ein kostnad på kr 372 pr kvm. Det er grunn til å tru at kostnaden pr kvm blir vidareført med mindre ein sanerer dei minst arealeffektive delar av bygget. Dette betyr at ein forskjell i areal vil utgjere ein vesentleg skilnad i driftskostnader. Holon si løysing er 5600 kvm. SE Arkitekter sitt forslag er om lag 8000. Skilnaden på 2400 kvm vil skjematisk gi ein meirkostnad på kr 895 000 pr år for løysinga med størst arealbruk.



Illustrasjon av SE Arkitekter sin presentasjon av skulen slik den no ligg.



Holon sin presentasjon av no-situasjonen der dei illustrerer kva bygg som blir ståande (E og B), og kva bygg som blir tatt bort(A, C, D og F)



Her er ein illustrasjon av bygget med hjartesonen i tilknytning til amfi/kantine.


## 8. Løysing frå SE Arkitekter

### Verbalpresentasjon og illustrasjon

SE Arkitekter sitt framlegg inneberer at ein riv dagens D-bygg (Paviljongen) og lagar nye undervisningsrom mot sør og eit tilbygg mot nord inne på eksisterande skuleplass. Ein legg opp til omfattande ombygging av den eldste delen av skulen, A-bygget frå 1956, og gjer dette om til kontorarbeidsplassar, møterom, skulehelseavdeling m.m.

Det vert foreslått eit tilbygg av E-bygget mot nord, og ein utvidar eksisterande gymnastikksal med mellom anna 4 garderober og tribune. SE Arkitekter har lagt opp til at ein lagar nye lokaler spesielt øyremerka Kulturskulen. Desse er lagt til gymnastikkbygget.

Totalt vil ein her få ei løysing der ein byggjer om 1661 kvadratmeter, nybygg på 2902 kvadrat, og endar opp med ei total bygningsmasse på 8016 kvadratmeter.



Illustrasjonen viser plasseringa av den reviderte bygningskroppen. Skuleplassen er nordvendt som i eksisterande skule. Ein mindre del av eksisterande skuleplass blir bebygd.



Her er ein illustrasjon frå sør med det gamle skulebygget i midten. Bygget frå 1990 er riven, og erstatta med eit større nybygg i sør/nord-aksen med amfi og kantinedel lengst sør.



Skulen og skuleplassen sett frå nord.

## Pro/contra

Løysinga som vert skissert har både positive og mindre positive sider

SE Arkitekter sine mest positive sider er:

- Alle klasseromma er på rundt 70 kvadrat, noko som gjev romslege, store undervisningslokaler
- Det er lagt opp til fleire lagerrom, kopirom og arbeidsareal til dei tilsette
- Kulturskulen får areal spesielt dedikert til seg
- Store, gode garderober til gymnastikkavdelinga
- Det er eit stort areal tilgjengeleg i tilknytning til gymsalen - dette kan nyttast av SFO
- Tek vare på øvingsrom og musikkstudio, som ligg i tilknytning til gymsal
- Ei løysing på ca 8000 kvm, gjev naturlegvis stort spelerom, og kan dekke fleire behov

Dei mindre positive sidene:

- Lange avstandar internt i skulebygget, ikkje minst mellom spesialromma. Dette medfører at det er utfordrande å få til eit sambruk utanom skuletida
- I og med at ein beheld mykje av den eksisterande bygningsmassen, vert det eit lite heilskapeleg uttrykk, ulike nivå på etasjane, mange korridorar, ulike takvinklar etc
- Uteområdet til skulen er i dag på grensa av det ein krev for helseverngodkjenning til 350 elevar, forslaget tek bort noko av utearealet
- Gymsalen er for liten til å kunne delast i to
- Lite skulekjøkken, kjøll og lager er tatt vekk. Lokala er redusert i forhold til kva ein har i dag
- Ikkje tilfredsstillande garderober og toalettfasilitetar knytta til SFO
- Kantina har ikkje eige kjøkken, og avstanden til skulekjøkkenet er for lang
- Høgare drift og vedlikehaldskostnader grunna stor bygningsmasse og ulike byggkvalitetar
- Lite effektiv bruk av areal, store areal fordelt på kvar elev

- Grunna mykje ombygging av undervisningslokale, er ein avhengig av å leige inn erstatningslokaler under byggeperioden

## Oppsummering

SE Arkitekter sitt forslag gjer skulen store lokaler å boltre seg i, men det kan bli eit uoversiktleg skulebygg, med mykje trafikkareal som kan vere utfordrande å orientere seg i. Ein legg beslag på større deler av uteområdet, noko som må hensyntakast. Ved sist helseverngodkjenning fekk kommunen følgjande kommentar:

*«Skulen har om lag 11 000 kvm utandørs opphaldsareal for elevane. Uteområdet er delt inn i 4 soner. Det er ein stor asfalt plass og ein ballbinge mellom skulebygga, og gras, stiar, hytter, amfi og nokre leikeapparat sør og aust for skulebygga.*

*Utearealet er litt lite, rettleiareren Miljø og helse tilrår at skular med fleire enn 300 elevar har minimum 15 000 kvm uteareal. Dette er ikkje til hinder for at skulen får godkjenning, men vedlikehald og utnytting av utearealet vil bli vurdert ved kommande tilsyn»*

For kulturskulen sin del, vil SE Arkitektur sitt forslag føre til eit løft og ein betre kvardag, i og med at det vert lagt inn eigne lokaler øyremarka kulturskulen. Skulebygget får framleis ein uroleg framtoning som ikkje betrar uttrykket bygningsmassen i dag har. Spesielt ned mot kyrkja og havna, vil ulikskapen verke negativt for sentrumsopplevinga av Storebø.

Når ein samanliknar normen for arealbruk, vil Storebø skule med denne løysinga ha eit samla areal som er langt høgare enn det som er normalt. Eksempelvis prosjekterer Bergen kommune ny ungdomsskule på Søreide for 400 elevar med eit areal på 6000 kvm. Nesodden prosjekterer ny skule for 370 elevar med samme areal. Sjå nærare nedanfor under pkt 11 der ulike rapportar er linka i dette saksframlegget. Blant anna framgår det at ein kan berekne areal ut fra ein norm om 10 kvm pr elev multiplisert med faktor 1,54 for støtteareal. Skal ein skule dimensjonast for 380 elevar gir dette slik utrekning:

$$380 \times 10 \times 1,54 = \underline{5852 \text{ kvm}}$$

Ut frå denne formelen skulle arealet til SE Arkitektur vere tilstrekkeleg til 525 elevar:

$$\underline{525} \times 10 \times 1,54 = 8085 \text{ kvm}$$

Den store arealbruken er med å auke driftskostnader til straum og reinhald, jfr kommentarar ovanfor i pkt 7 der det skjematisk er vurdert ein kostnadsauke på nær kr 900 000 pr år samanlikna med Holon-alternativet. Forslaget vil ikkje endre det faktum at skulebygget har varierende kvalitet, og det gir ikkje den heilskapelege bruken som er viktig for skulekvardagen. Bygget er meir fragmentarisk og oppdelt. Uteplassen vil fortsatt vere sentrert mot nord.

## 9. Løysing levert av Holon

### Verbalpresentasjon og illustrasjon

Holon foreslår å rive A-, D- og F-bygget som ligg mot sør for å opne opp området mot sjøen og kyrkja. Dei legg eit nytt bygg i tre høgder mot nord. Dette fører til at ein får ein lunare og meir skjerma skuleplass, og at uteareala vert utvida. Holon vel å rive gymnastikkavdelinga for å bygge nytt. Det nye bygget inneheld nye fellesfunksjonar som samlingsareal med amfi, kantine, idrettshall, bibliotek,



musikkrom, kunst og handverksavdeling. I tillegg vil bygget romme generelle undervisningslokaler og grupperom.

Dei legg opp til eit meir samanhengande og moderne skulebygg, og ein vil få ein meir effektiv bruk av areal. Holon legg opp til 3004 m<sup>2</sup> med nybygg, renovering av 923 kvm og eit totalareal på 5748 m<sup>2</sup>. Totalarealet samsvarer med normen for arealbruk, jfr kommentarar ovanfor i pkt 8, og dei to referanseprosjekta me viser til i Bergen og Nesodden, jfr kap 11.



Illustrasjonen viser plassering av bygningskropp og tilkomst til omliggjande uteområde. Det viser eit samanhengande sør- og vestvendt uteområde ned mot kyrkja og havna.



Trapp mot sør, gjennomgang til skuleplass frå nord og fasade mot nord.



Eit meir detaljert bilete av korleis uteområda kan fungere som eit samanhengande areal.



Amfi/kantinedel av bygget med innsikt til gymsal.

## Pro/contra

Det er positive sider og manglar ved Holon sitt framlegg.

Holon sine mest positive sider:

- Riv den eldste delen av skulen og paviljongen, opnar opp mot sør
- Ein får eit bygg med meir heilskapeleg uttrykk, der alt er nytt (etter 2016)

- Eit oversiktleg skulebygg, som det vil vere enkelt å orientere seg i
- Effektiv bruk av areal, både inne og ute
- Legg opp til gode møterom for personalet
- Gymsalen kan delast i to, slik at fleire grupper kan ha undervisning samstundes
- Stort og godt areal til skulekjøkken, som og kan nyttast i samband med kantina
- SFO-avdelinga er knytta opp mot 1. trinn sine klasserom, gode garderobar/grovgarderobar i samband med dette
- Kortare avstander mellom dei ulike delane av skulen, der alt «heng» saman
- Holon gjer ferdig nybygg mot nord, før dei startar riving av bygningsmassen mot sør, mindre behov for erstatningslokaler i byggefasen
- Enklare å drifte skulen i byggefasen

Holon sine mest negative sider:

- Areal som er sett av til SFO er knappe, ein kan imidlertid løyse dette med sambruk/overtaking av klasserom
- Det er ikkje sett av eigne lokaler til kulturskulen, avhengig av sambruk/overtaking av klasserom
- Det er ikkje lagt opp til grupperom i tilknytning til kvart klasserom, klassane må dele på grupperomma
- Kun to rom er satt av til musikk, naturfag og programmering
- Skulen mister øvingsrom og studio (musikk) som dei har i dag
- Det vil krevje ein del ekstra ombygging av administrasjonsfløyen, fleire tilsette på kvart kontor, som kan føre til utfordringar med arbeidsro etc
- Det totale arealet er noko mindre enn skulen sitt areal er i dag

## Oppsummering

Holon sitt forslag ber preg av ein heilskapeleg tanke om korleis eit nytt og moderne skulebygg kan sjå ut. Ein legg opp til fleksible planløyningar, utforma etter notidas pedagogiske tankar.

Undervisningslokala ligg samla og konsentrert og det er ein samanheng i bygget som er tiltalende. Ein får eit oversiktleg skulebygg som vil vere lett å orientere seg i, noko som er viktig for mange, spesielt dei yngre elevane. I tillegg vil grepa ein gjer med å opne opp mot sør og stenge av mot nord, vere med på å lage ein lunare og lysare uteplass.

Det er reist spørsmål om Holon sitt forslag er stort nok. Her er det viktig å huske at forslaget inneheld 21 klasserom, noko som er i tråd med bestillinga. Dette betyr at skulen kan drivast med tre parallellar. Me veit at fire årskull i neste tiårsperiode kan drivast med to parallellar. Dette inneber at 1 klasserom blir fristilt for kvar av desse trinna, tilsaman 4 klasserom. Dette kan utløyse areal som kjem kulturskulen og SFO til gode. Det er blant anna eit klasserom med foldedører i direkte tilknytning til SFO-delen som enkelt kan omdisponerast til SFO areal. Samanlikna med andre skuleprosjekt, er arealbruken til Holon i tråd med det som er normen. Å ha eit skulebygg på meir enn 8000 kvm fordelt på 300 – 350 elevar (SE Arkitektur), er for mykje om ein ynskjer å ta omsyn til økonomisk og miljømessig berekraft. Sparte areal inneber sparte kostnader, jfr kommentarar i pkt 7 ovanfor. Kulturskulen har også lagt inn merknader som må løysast med omdisponering av areal innfor dei rammene som er framlagt av Holon. Dette trur me er mogeleg å få til i detaljprosjekteringa.

Det er også spelt inn eit ynskje frå lærarane om å ta bort renovering av B-bygget slik som foreslått av Holon. Dette kan frigjere midlar til å utvide arealet til B-bygget slik at byggeprosessen blir enklare å handtere. Generelt er det også slik at byggefasen for Holon vil bli enklare å handtere enn forslaget frå

SE Arkitektur. Årsaka til dette er at det skal byggjast i nordenden, og heile eksisterande skule (eks gymsal) kan driftast.

## 10. Uttaler frå høyringspartar

Det er motteke uttale frå tilsette ved Storebø skule, FAU ved Storebø skule, tilsette og SU i Austevoll Kulturskule, Folkehelsekoordinator/barn og unges talsperson, Storebø Vel og Austevoll Musikkråd

**I uttalen frå dei tilsette ved Storebø skule skriv ein mellom anna:**

*Vår konklusjon er at Holon sitt forslag er det beste av desse to. Grunnene er den totale pakken. Likevel må vi presiserer at Holon sitt første utkast er det aller beste. Holon vinner på gymsal, skulekjøkken, kantine, uteområdet og plassering av spesialrom. Samt det estetiske utvendig. Det må likevel vurderes om ombygging av administrasjonsbygg er økonomisk. Vi vil tilrå å bygge på administrasjonsavd. Med ca 60-80 m2 for å få plass til 10 nye arbeidsplasser.*

**Frå FAU ved skulen er det motteke slik melding:**

*Skolen ligger i dag midt mellom næringsaktivitet, sjø, kommune – og helsehus og vei, og kommunens egen arbeidsgruppe har slått fast at det er lite synergj mellom aktivitetene i området og utforming av bruk. Det er etablert BUA, Snapnap, ungdomslokale, frivillighetslokale og det er planlagt arbeid med menighetshus. Det er også uttrykt at skolen skal være hjerte i et tettsted som skal invitere til hverdagsaktivitet. FAU ved Storebø skule mener at en skoles utforming er en vesentlig rammefaktor i opplæring, og det omfatter bygningsmasse og uteområder som sammen skal gi best mulig forhold for undervisning og læring. Det skal tilfredsstillende krav til et godt læringsmiljø, arbeidsmiljø, bærekraftig utvikling og økonomi. Et skolebygg bør utformes slik at fremtidige reformer og arbeidsformer kan iverksettes uten at det kreves vesentlige endringer i bygget.*

*Alle elever skal ha et godt og trygt og inkluderende læringsmiljø som skal virke helsefremmende, sette fokus på trivsel og læring og som er fritt for vold, overgrep og mobbing. Både ute- og inneareal skal bidra til at elever får utfolde sin skaperglede, sitt engasjement og sin trang til å utforske. Alle skal delta i kunst- og kulturaktiviteter som igjen er med å på å skape «det hele mennesket». Skolebygget skal også kunne legge til rette for et godt samarbeid mellom skole og hjem, og trenger derfor gode møteplasser som fremmer nettopp dette. Det skal bidra til et godt fysisk og psykososialt læringsmiljø og det skal gi alle ansatte gode vilkår for å utføre sitt arbeid til det beste for elevenes læringsutbytte og trivsel. Dette mener FAU bør ha størst mulig prioritet når en nå skal planlegge nye Storebø skule. Et skoleanlegg bør også fungere som et kulturhus for lokalsamfunnet, være en del av kommunens kulturelle infrastruktur og bidra til å styrke lokalmiljøet. Det skal være utformet slik at det kan benyttes av andre utover kjernevirksomheten til skolen, gjennom flerbruk og sambruk.*

*Dette mener vi er forenelig med å skille mellom den aktiviteten som fortrinnsvis hører til et sentrum, nemlig næringsaktivitet og offentlig tjenestetilbud. Det bør ikke være et mål at skolen skal samlokaliseres med andre servicetilbud etter behov eller av andre praktiske årsaker. Det virker lite gjennomtenkt å plassere en skole, med det arealbehovet som en skole krever, mellom næringsaktivitet, fylkesvei og andre servicetilbud, når en har tilgang på utmark i langt bedre egnet område, med allerede tilknytning til eksisterende anlegg.*

*Ved flere enn 300 elever er anbefalingen et samlet minimumsareal ca. 15 000 m<sup>2</sup> med tillegg på 25 m<sup>2</sup> for hver elev over 300. (IS-1130 Helsedirektoratet)*

*Utearealene må være trafiksikre og skal stimulere til egenaktivitet, men også organisert aktivitet blant annet i undervisningen. Det bør sikres best mulig solforhold, være i trafiksikre omgivelser i en anbefalt radius på 200 meter fra skolen. Alle elevene må kunne bruke arealet, og hensynene bør ivaretas allerede ved gjennomgang av reguleringsplan og beliggenhet for skolen. Vi kan ikke se at dette kan oppfylles ved å beholde beliggenheten som i dag.*

*Vi savner en gjennomføringsstrategi fra arkitektene og kommunen, der det beskrives hvordan skolen kan drives forsvarlig gjennom byggefasen, samt ved ferdigstillelse av bygget. Det å drive skole i en byggeprosess vil på et tidspunkt gå ut over læringsutbyttet til elevene, som kan være en medvirkende årsak til de resultatene vi ser på blant annet nasjonale prøver.*

*Prosjektene som er lagt frem viser mangel på ambisjon, og er ikke å bygge for fremtiden. Det er et ønske å bygge opp eierskap og et miljø rundt skolekretsen, både i tilknytning til skolen, men også til bygda, for lokalbefolkningen, samfunnsutvikling og kulturlivet. Det må fra kommunen sin side, være en helhetlig plan bak plassering av skole, idrettsanlegg og møteplass for innbyggere ikke bare for nåtiden, men også i fremtiden. Forslagene som foreligger, er ikke fremtidsrettet nok for å dekke behovene i årene som kommer. Det er planlagt fremtidig boligutbygging på Storebø, i en skolekrets med en barneskole som i utgangspunktet ikke kan ta imot flere barn. Det viser at det ikke er en helhetlig tanke bak utbygging, men heller å flikke på noe som burde vært gjort annerledes fra begynnelsen av.*

*Austevoll kommune skal være en ja-kommune, som verdsetter høyt både gründere, bedriftseiere og virksomheter som gjør seg bemerket både utenfor kommunegrensene og landegrensene. Det er en selvfølge at en da også må prioritere oppvekst og utdanning på samme måte, både med tanke på timetall i skolen, rekruttering av pedagoger og framvekst av et sterkt fagmiljø. Dette vises gjennom ressursbruk og vilje til å satse på fremtiden.*

*Vi har også noen kommentarer til prosessen i sin helhet. Det er skrevet om brukermedvirkning i alle fasene, og det er fattet vedtak i tjenesteutvalget (062/21) at FAU bør være representert i en av prosjektgruppene. Dette er ikke ivaretatt, og FAU savner synlighet også fra andre berørte parter som Kulturrådet, Idrettsrådet, samfunnsutvikling, folkehelsekoordinator, SFO, Kulturskolen samt kulturkoordinator, tilsette, naboer og næringslivet.*

- *En ny skole kan inneholde tilgjengelige arealer og bli en ny møteplass for nærmiljøet,*
- *En ny skole kan bygges basert på dagens skoleinnhold, uteareal kan få universell utforming og ankomst kan være trygg*
- *En ny skole kan plasseres strategisk slik at en sikrer et variert og*

- Med ny skole kan vi sørge for at lærere har gode arbeidsforhold og kan sammen gi elevene en god opplæring
- Ny skole betyr at en kan bruke mindre på drift av bygninger og mer på innholdet i skolen, som tross alt er det viktigste.
- En ny skole gjør at vi kan drive skole uten at byggeprosessen går ut over læringsutbyttet til elevene og arbeidsmiljøet til de ansatte
- En ny skole gir tilgang til eksisterende og fremtidig idrettsanlegg • Med ny skole blir trafiksikkerhet ivaretatt
- Å drive skole samtidig som skolen bygges ut, er ikke ønskelig

FAU ved Storebø skule ønsker ikke å bifalle noen av de forslagene som ligger til grunn, da vi mener at kommunen må plassere skolen vekk fra sentrum med den argumentasjonen som er gitt i dette dokumentet.

### **Uttale frå folkehelsekoordinator/representant for barn og unge:**

*I tillegg til best mogleg oppfyljing av krava i behovsanalysen må ein ha fokus på heilheita i utbygging av Storebø skule.*

*Skulen er den viktigaste institusjonen i eit barns liv og det fysiske miljøet har stor påverknad på trivsel, læringsmiljø og det sosiale miljøet.*

*Utforming av skulen bør vere oversiktleg og ha lett forståeleg arkitektur. God kommunikasjon mellom bygga, samt ei logisk planløyising forenkler skulekvardagen for alle. Det er spesielt viktig for dei minste og barn med spesielle behov at det er lett å finne fram og at ein raskt forstår det fysiske miljøet i skulekvardagen.*

*Skulearkitekturen må gje høve for ein trygg og enkel veksling mellom undervisning og aktivitet inne/ute. Dette er eigenskapar skulen ikkje har i dag.*

*Utearealet er hovud arena for fysisk aktivitet og vennskap for barna. Dei opphalde seg lengre på skulen, både i undervisnings samanheng og i fritida. Skulens uteareal har derfor fått auka betydning. Storleik på utearealet må sikrast, men faktorar som soltilhøve, vind, regn, støy og ikkje minst krava til universell utforming spelar ei stor rolle for trivsel og bruk.*

*Det bygde miljøet påverkar korleis ein bevegar seg i og kva inntrykk ein har av området. Det kan både fremja og hemma trivsel og bruk, arkitektur, design og folkehelse går hand i hand. Dagens skule er uoversiktleg. Skulegarden har dårlege solforhold og er vendt mot trafikkert fylkesveg. Byggestrukturen bærer preg av ulogisk organisering og historisk lapping. Noko som er uheldig for skulen og skulen som hjarte i tettstad og sentrum på Storebø.*

*Holon har løyst dette ved å strukturere skulen på ein eminent måte som skapar openheit mot park og sjø, samt eit "rom i rommet". Dei arkitektoniske linjene er reine og Holon har balansert bygningsmasse godt med tanke på å bevare storleik på uteområdet.*

*Videre i prosjekteringa av uteområdet må ein ta stilling til den store aldersforskjellen på barneskulen, barna i 7. klasse har heilt andre behov og krav for trivsel i uteområdet en det barna i 1. klasse har.*

**SFO:**

*Dei minste elevane opphalde seg lika mykje på SFO som i undervisning, og har også flest timar i døgeret på skulen av alle elevane. Ein må difor ha stort fokus på eit SFO areal som eigna seg godt til formålet. Det er ikkje berre arealkapasitet ein må ta stilling til, men også det å ha høve til å utføra naudsynt variert aktivitet. Veksling mellom ute og inne aktivitet må vere effektiv, oversiktleg og praktisk både for elevar og tilsette.*

## Uttale frå Storebø Vel:

*Heilt overordna meiner Storebø Vel at debatten om relokalisering av skulen til Eidsbøen er øydeleggende for prosessen og fokuset med å utbetre dagens skule. Energien bør brukast på å finne den beste løysinga for den lokasjonen som er i dag og spare seg for dyre og tidskrevande utredningar om relokalisering. Skulen er eit sentralt punkt av Storebø og eit naturleg og viktig samlingspunkt for innbyggjarane. Tomta kunne alltid vore større, men me meiner dagens areal ikkje er tilstrekkeleg utnytta ettersom store delar av tomta er skråningar og ikkje opparbeida areal. Dette kan gjerast noko med. Det er mange skular, f.eks i Bergen, som har mindre tilgjengeleg areal enn Storebø Barneskule. Nærleiken til Austevollsbadet, sjøen og dei forskjellige løypene og grøntareal i Storebøområdet er gode alternativ til fysisk aktivitet, og er oss bekjent viktige element i skulesamanheng. Storebø Vel ser også fordel med lokasjonen som er i dag med tanke på å forminske påvirkningen av ytre miljø, blant anna som ei auke i bruken av biltransport til/frå skulen ei relokalisering ville medført.*

*Av dei to alternativa som er presentert ser Storebø Vel på alternativ Marstein som den beste løysinga, men me har valgt å kommentere begge prosjekta.*

### **Marstein:**

*Storebø Vel ser på det som positivt å få skifta ut mykje av den eldre byggmassen, samt åpningen mot sør og lukking i nord vil kunne gje betre skjerming for trafikkal støy og le for vind. Marstein framtrer som eit meir heilhetleg utforma design, og vil framstå som "noko nytt". Ein bygger med dette alternativet vidare på den forrige ubetringa av skulen.*

*Det planlegges for lite utendørsområder med takoverbygg. Vær og vind er effektive hindringar for trivsel i kvardagen for skuleelevar og det bør leggjast til rette for meir takoverbygg slik at fysisk aktivitet ikkje lar seg affisere av vèrutfordringar.*

*Det er ikkje tilrettelagt for tilkomst av bilar til skuleplassen og det kan være ei utfordring med å fjerne parkeringsplassar. Ved samlingar på skulen er skuleplassen eit naturleg område for parkering, men ein må også hensynta dei utfordringene som kjem med manglende tilkomst for brøyting, samt brannredning og andre naudetatar. Om ein velger å ikkje legge til rette for parkering på skuleplassen må det taes med i planen for parkering på andre lokasjonar.*

*Områdene der brakkene står i dag er ikkje tatt med i planen. Storebø Vel meiner heile tomta må sjåast på for dette prosjektet, blant anna områda mot det gamle Kommunehuset. Argumentasjonen om for lite areal på skulen har ikkje hensyntatt "dødarealet" som det er på tomta i dag. Det kan i stor grad utnyttast betre.*

*Ny ballbinge som prosjekteres må vere minst like stor som den som står der i dag. Etter dialog med skulen framstår ballbingen som da mest populære tilbodet til borna.*

*Det er statuert idrettshall på skissa, men Storebø Vel stiller spørsmål om kor vidt hallen er planlagt for fleirbruk? Det bør vektleggast i vidare planlegging at andre arrangement enn idrett bør kunne utøves i ein slik hall.*

*Kantine som er dimensjonert - dersom det i framtida blir tilbod om skulemat for elevane, vil kantine og andre arealer vere tilstrekkeleg for eit slikt potensielt tilbod? Ein bør planlegge for at tilbodet kan komme og at skulen har dekning til å fasilitere det.*

*Da er planlagt sedumtak på hovedbygget og med eit så stort areal tilgjengeleg meiner Storebø Vel det bør undersøkjast om taket kan inngå som oppholdsareal. Eventuelt som park eller liknande.*

**Bergeron alternativ:**

*Planløysninga framstår som enkel og lite framtidretta/praktisk. Alternativet beholder den eldste byggmassen, noko som ikkje verkar særleg formålstjenleg. På lik linje med Marstein, er det ikkje prosjektert tilstrekkeleg med overbygga uteareal.*

*Det blir nye smale trasèrar rundt bygget som verkar ugunstige. Uteområda framstår som mindre tilgjengelege med denne løsyninga.*

*Området der brakkene står i dag er ikkje tatt med i dette alternativet, og som tidligere nevnt bør heile tomta sjåast på i sin heilhet og ikkje kun arealet der det skal vere bygningsmasse.*

*Planmessigt bør det vektlegges innspel frå ansatte ved skulen, musikkskulen og FAU, ettersom dei har betre innsyn på utfordringene enn kva Storebø Vel har.*

**Kulturskulen** er ein del av det kommunale tenestetilbodet som og vert påverka av kva som skjer ved utbygging av Storebø skule. Her har både dei tilsette og Samarbeidsutvalet kome med ein uttale. Denne ligg som vedlegg i saka. Deira behov er skissert i tre punkt:

- 1) Framleis høve til å ha musikkundervisning i 3 ulike rom. (Inkludert studio.)*
- 2) Betre plass til arbeid og lagring av arbeid i biletkunst. (Kulturskulen har gode planar for vidareutvikling av dette faget, som no ikkje kan gjennomførast)*
- 3) Det er og absolutt ynskjeleg med lokale til dans og teater innanfor Storebø skule sine bygg!*

**Uttale frå tilsette i kulturskulen:**

*Bergeron sitt utkast har langt på veg ivareteke Kulturskulen sine behov, medan Holon sitt utkast ikkje ivaretek desse i det heile.*

*Holon-utkastet tek frå oss det me i dag har i form av eksisterande Austevoll studio med sine 3 rom på i alt 57,3 m<sup>2</sup>.*

*Alt dette er berre erstatta med eit såkalla «band-øvingsrom» på 21 m<sup>2</sup>, som er alt for lite til alle dei instrumenta og all den aktiviteten som foregår på 57,3 m<sup>2</sup> i dag.*

*Det er heller ikkje andre lokale i Holon-utkastet som er tiltenkt å ivareta Kulturskulen sine behov for undervisnings- og lagringsrom.*

*Samstundes ser me at Bergeron sitt utkast har totalt 8000 m<sup>2</sup> bygningsmasse, medan Holon berre har 5700 m<sup>2</sup>.*

*Dersom Holon sitt prosjekt blir vald, må det utvidast slik at Kulturskulen får lokala ein treng.*

*Prosjektet må utvidast med ei kulturskuleavdeling som minst tilsvarer dei lokala som Bergeron har sett av til kulturskule i sitt prosjekt. Det å samle Kulturskulen sine lokale på ein stad, slik Bergeron gjer, er det som tener Kulturskulen best.*

*Dersom Bergeron sitt prosjekt blir vald, vil lokalet til teikning/maling (C204) i tillegg til C205, dersom man får flytte veggene litt mot høgre slik at man har to rektangulære rom, med vask i begge romma, gjere det mogleg å undervise i teikning/maling og foto i det eine rommet, og skulptur i det andre. Dette vil vere i tråd med utviklingsplanen for faget som står beskrevet i den vedtekne «Plan for innhald, kvalitet og utvikling i Austevoll kulturskule 2021 – 2027». Det trengs ikkje eige lagerrom, man kan bruke begge romma til undervisning og heller ha hyller og skap til lagring i romma.*



Rommet til dans i same avdeling, på 66 m2, vil kunne sambrukast av både dans og teater. Dette betyr at ei slik «kulturskuleavdeling» som Bergeron har teikna, med noko tilpassingar og tekniske føresetnader som vatn og avløp m.m. kanskje kan dekke Kulturskulen sine behov ganske greitt i den tida me ventar på eit framtidig kulturhus.

### **Uttale frå Austevoll Musikkråd**

Me må starte med å sjå på kva det frivillige er, som kjem godt fram i rapporten til Signe Bock Seggaard, "Frivillighet i offentlige og offentlig finansierte kulturinstitusjoner". Seggaard påpeiker i denne rapporten at kulturfagleg kompetanse og interesse har vist seg å være nøkkelord når det gjeld kulturfrivilligheita, og det er ein fare for at nettopp denne kompetansen blir tatt for gitt. Men verken dei kulturfrivillige eller den kulturfaglege kompetansen kjem nødvendigvis av seg sjølv. Dette gjeld dessverre også i denne prosessen, der musikkrådet med sin betydelege kunnskap og kompetanse innan kulturfeltet, ikkje har fått høve til å vere med i prosessen. Kjem tilbake til dette.

Austevoll Musikkråd har dei siste åra arbeid med å legge til rette for ulike kulturarenaer for born og unge, og musikkrådet er særns nøgd med det gode samarbeidet som har vore med blant anna rådmann og alle dei politiske partia, som har vist stor vilje og lytta til musikkrådet i ulike saker. Og ikkje minst lagt til rette for at me har fått Kongsen kultursal. Det har vore krevjande å administrere, og nokon må administrere dette, for me må sette av ressursar til å ta imot de frivillige, rettleie, og lære dei opp. Men kulturinstitusjonar er ikkje noko som berre flyter rundt og finnes, det må stimulerast. Det er utfordrande å balansere behovet for å styre dei frivillige, utan at det frivillige arbeidet ikke skal oppleves som altfor forpliktande. Det er like mange måtar å legge til rette på dette, som det er personar i det frivillige kulturliv. Det som er viktig for Austevoll Musikkråd er at det frivillige får fleksibilitet, for då er det lettare å gje tilbake.

Når det gjeld praksisar og rutinar for det frivillige kulturliv, er det viktig å bygge vidare på tanken om at ein kulturinstitusjon, som t.d. kulturskulen, har som overordnet formål å ivareta dei frivillige sine behov for både anerkjenning og sikre det kulturfaglege. På den eine sida er dette praksisar som er knytt til den fysiske og praktiske organiseringa, på den andre sida er det praksisar som støttes opp av digitale hjelpemidlar (dette har musikkrådet no tatt tak i sjølv, og arbeider med digitalisering av både musikkrådet som organisasjon, men også digitalisere prosessane våre).

Me nærmar oss sjølv skuleutbygginga, men før det, må me sjå på organisering på eit overordna nivå. I Austevoll har me i mange år snakka om at kulturskulen skal fungere som eit «nav» når det gjeld kultur. Austevoll Musikkråd meiner at dette er den rette måten å sikre kunnskap og kompetanse. Allereie i 1991 vart denne modellen presentert i Austevoll, og ein slik modell ville sikra kunnskap og kompetanse, både innan musikk, idrett og anna kulturaktivitetar. Men, dei siste 25 åra har Austevoll som samfunn vorte fattigare når ein ser på kulturtilbod til born og unge. Det vert for sporadisk, og det er ikkje tilstrekkeleg godt nok planlagt. Det er trist, for det finnes fleire gode eksempel, frå blant anna kommunar på størrelse med Austevoll, som har lykkast i dette arbeidet, det er ikkje naudsynt å «finne opp krutet på nytt», me kan sjå til andre og sjå til kva suksessfaktorar dei har arbeidd fram. For å aktivt kunne bygge eit kulturliv, eit nettverk, må ein legge til rette for dette, planlegge korleis ein skal bygge miljø og utvikle felles arenaer. Sjølv om ein kulturinstitusjon som ein kulturskule og frivilligheita er ulike, er eit av premissa for nettverksbygging og tankane rundt dette arbeidet å være at kulturskule og frivillige må sjåast i samanheng, og at organiseringa må ta høgde for at desse to gruppene har nok å lære av kvarandre.

*Dette er også i tråd med ynskja som kom fram i delrapport 1 av Segard. Når de frivillige opplever at dei vert betrakta som ei isolert gruppe som ikkje samhandlar med t.d. kulturskulen eller ikkje får ta del av deira kompetanse, vert nettopp dette etterlyst. Dei frivillige bidrar med noko meir og anna enn det kulturinstitusjonane sjølv gjer. I nokre tilfelle handlar det faktisk om at oppgåver ikkje ville ha blitt utført, eller at institusjonen som heilheit ikkje kunne ha eksistert utan dei kulturfrivillige. Tilbake til kulturskulen som eit «nav», så er me då inne i kjerna av sjølve forslaga til skuleutbygging.*

*Austevoll Musikkråd inviterte til eit møte med kommunen i etterkant av at «kultursalen», ved Storebø skule vart stengt, grunna amfiet ikkje kunne nyttast lengre. Målet med møtet var å lyfte fram behovet for ein plan for heile området, inklusivt eit mogleg kulturhus, som fleire politiske parti har diskutert. Grunnen for dette møtet, og ynskje om å sjå på ein plan for heile området, var nettopp å bygge opp under kulturskulen, og den rolla musikkrådet meiner kulturskulen bør ha i lokalsamfunnet. For å lykkast med dette, er første punkt på lista samlokalisering. Det må også sjåast i samband med planar i Austevoll kommune, og musikkrådet kan ikkje sjå at det er vist til t.d. «Planprogram for plan for kultur, fritid og fysisk aktivitet», eller «Plan for innhald, kvalitet og utvikling i Austevoll kulturskule».*

*Dei 2 alternativa som er lagt fram for utbygging av Storebø skule, tek ikkje omsyn til dette, og slik musikkrådet ser det, er begge alternativa ikkje å tilrå som ein plan for skuleutbygging.*

*Austevoll musikkråd stiller også spørsmål ved at Austevoll kommune frontar ein modell der utearealet er under norm, i høve til anbefalingane frå helsedirektoratet. Utearealet ved skulen er i dag ca.12500m<sup>2</sup>, medan ein skule på størrelse med Storebø skule bør ha eit uteareal på ca.16500m<sup>2</sup>.*

## **11. Alternativ plassering og nybygg**

Det framgår av kap 2 at rådmannen av økonomiske grunnar ikkje tilrår å bygge ny skule. Som tilleggsmoment vil rådmannen også påpeike at eit nybygg betyr at ein flyttar frå 5900 kvm, og byggjer omlag 6000 kvm nybygg. Alt dette skal varmast opp, driftast og haldast vedlike. Kommunen har allereie ein stor bygningsmasse som utfordrar oss på drift og vedlikehald. Det er liten grunn til å tru at Storebø skule har nevneverdig verdi i ein privat marknad. Det er stor risiko for at drift og vedlikehald av bygningsmassen etterkvart vil bli ei stor bør for kommunen. Bygnings- og trivselsmessige utfordringar i Storebø sentrum vil også stå uløyst om me flyttar skulen til anna stad. Avgjerda om kor skulen skal ligge, blei i realiteten tatt gjennom utvidinga av skulen i 2015-16. No legg me opp til å renovere resten av skulen og gjenopprette området som eit triveleg område for lokalmiljøet.

I kommunestyresak 33/23 blei det fatta følgjande vedtak:

*Austevoll kommunestyre ber rådmannen til neste kommunestyre, og i samband med saken som vert lagt fram om Storebø skule, gjere eit enkelt overslag og vurdering av:*

- 1. Totalkostnadane til ein ny barneskule og om dette er mogleg å finansiere.*
- 2. Når det er realistisk at ein ny barneskule kan vere på plass.*
- 3. Alternative og realistiske plasseringar av ein ny barneskule.*

Det er kome innspel frå ulike partar om å bygge ein heilt ny skule, plassert på Eidsbøen, slik at ein kan ha sambruk av idrettsanlegg etc. Då ein i si tid bestemte seg for å utvide skulen på Storebø i 2014, vart det og spelt inn å bygge nytt på Eidsbøen. Dette valde ein den gong å ikkje gå vidare med. Det blei gjort ei utgreiing av Tippetue Arkitektfirma i 2012-13 der fire alternative tomtar på Eidsbøen ble vurdert.

To av dei tomtene som blei vurdert, er i dag lite relevant. Dette gjeld området sør for ungdomsskulen som allereie er planlagt som parkering og riggområde for storhall. Tomten er uansett for liten, og vil neppe oppfylle krav til uteareal og dermed ikkje få helseverngodkjenning.

Den andre tomten som blei foreslått, er arealet der det oppgraderte idrettsanlegget er plassert. Rådmannen legg til grunn at dette ikkje er aktuell lokasjon for ein ny skule. Kommune og private har dei siste åra brukt store ressursar for å få ferdigstilt den flotte idrettsarenaen me no har.

Det gjenstår to tomtar. Dette er området ovanfor og vest for idrettsanlegget, og eit område nord for idrettsanlegget.

Tomt vest for idrettsanlegget:



Tomt 2a i utgreiinga frå 2012/13.

I utgreiinga er det om tomt 2a sagt:

*”Denne tomta vil vere eit resultat av at ein vel å halde på grasbanen med løpebane rundt, slik ho er i dag. Tomta har flott natur som gir gode tilhøve for leik, men variasjonen og universell utforming vil bli dårlegare. Ei slik løysing vil utløyse eit større strekke med veg, og eit større arbeid med bearbeiding av grunntilhøve. Skulebygget blir liggjande meir for seg sjølv, og om ein skulle velje å slå saman leiingane ved skulen, og drive ein kombinertskule, vil avstanden vere noko upraktisk. Tomt 2b er likevel noko marginal med tanke på topografi, og ein vil ikkje stå like fritt i høve plassering av bygg. Om ein skal ha eit uteareal som er universelt tilgjengeleg, vil ein måtte gjere inngrep på den naturlege vegetasjonen, og då vil noko av poenget med å legge bygget i slike omgjevnader falle bort.”*

Rådmannen meiner denne tomta har mange gode kvalitetar som kan sikre gode tilhøve for elevar og tilsette. Den kjem ikkje i konflikt med planlagt infrastruktur rundt ungdomsskulen, og er ikkje i konflikt med storhallprosjektet. Derimot er det liten grunn til å vera ueinig i at grunntilhøva og infrastruktur vil bli krevande. Dette betyr at kostnadene ved denne løysinga vil bli høg. Dette er avgjerande for at rådmannen ikkje tilrår ei slik løysing, jfr kap 2. Når det gjeld forslag til ny kommuneplan, er denne tomta lagt inn som offentleg/privat tenesteyting. Arealet er for lite om ein held seg innafor kommunen sine grenser slik dei ligg i dag (ca 9000 kvm), det må såleis påreknast ytterlegare grunnverv med påfølgande reguleringsarbeid og arealendringar.

Tomt nord for idrettsanlegget:



Tomt 3 frå utgreiinga i 2012/13, omtrentleg plassert i terrenget.

Når det gjeld tomt 3 er det i utgreiinga sagt:

*”Om ein skulle velje denne tomta, vil det bli vanskeleg å drive skulen som ein kombinertskule. Kanskje er dette heller ikkje ønskeleg, men moglegheitene for å gjere det vil fysisk ikkje vera dei beste. Sambruk av allereie eksisterande uteareal og undervisningslokale blir vankeleg. Denne tomta krev eit godt stykke med ny veg og røyrgater. Topografien tilseier at dette ikkje er vanskeleg, og avkøyrsla frå fylkesveg vil vere overskitleg. Men tomta ligg heile 400 meter frå fylkesveg, og vil slik utløyse tilsvarande midlar til veg og røyrgater. Strekket gjer og at elevar til fots må gå eit langt stykke der dei ikkje er synlege for andre hus. Det omliggande arealet til denne vegen ligg no inne til bustadføremaal i framlegg til rullert kommuneplan, og dette vegstrekket vil slik kunne bli ei naturleg løysing av denne infrastrukturen. Men dette fordrar at framlegget i kommuneplanen blir godkjent, og at utbygginga blir gjort i forkant av bygging av skulen.”*

Denne tomta ligg inne som delvis LNF og bustad i nytt forslag til kommuneplan. Det er ein tomt som vil krevja store ressursar til grunnarbeid, tilkomst og infrastruktur. Området er privat eigd og det krev grunnverv, reguleringsarbeid og arealendringar. Det er enda sterkare grunnar til at denne løysinga vil krevja langt meir enn det Austevoll kommune kan klare, jfr kap 2.

Eit heilt nytt skulebygg som skal romme 350-400 elevar vil vere både tidkrevjande og kostbart å få på plass. I det innleiande kapittelet om økonomiske føresetnader, er det sagt klart frå at rådmannen meiner det ikkje er økonomisk handlerom for å bygge ny skule.

Storebø skule er i dag rundt 5 900 kvm. Skal ein bygge ein ny skule må den ha ein storleik på om lag 6000 kvm for å dekke behovet til 350 – 400 elevar. Ser ein for seg ein samla skule for heile kommunen, aukar arealbehovet. For ein skule på 6000 kvm, vil ein måtte rekne med kostnader på rundt kr 400 mill. Det mest samanliknbare referanseprosjektet er skulen på Nesodden som er i same storleik og der kostnadsestimatet er i denne storleik – det er lagt link til dette prosjektet nedanfor.

Dei andre referanseprosjekta som er oppført fram til 2021, har lågare kostnad. Referanseprosjekta har kvm-prisar som varierer frå kr 41 000 – 100 000. Det er med andre ord ein stor variasjon, men den viktigaste faktoren er om det er bygd før eller etter den sterke inflasjonsperioden starta. No er me inne i ein fase der byggekostnadene er høge. Det er lite realistisk at me kan klare å bygge for kr 40 000 pr kvm, dette gjeld både nybygg på Eidsbøen og på Storebø. For nybygg på Eidsbøen vil det bli meirkostnader på infrastruktur som vil trekke opp totalkostnaden.

Ut i frå erfaringar frå andre kommunar som har nybygde skular, så vil kostnadsramma skjematisk ligge på omlag kr 400 mill. Med investeringar i denne storleiken, vil kommunen få ei lånegjeld som rådmannen ikkje kan tilrå, jfr kap 2.

Tidshorisonten for eit slikt prosjekt kan ein sjå av eit referanseprosjekt. Dette er Søreide skule i Bergen som er under planlegging. Denne er forventa ferdigstilt i 27/28. Dette inneber at kartlegging av tomt, reguleringsarbeid, prosjektering, anbod og byggetid, samla er ca 5 år. Reguleringsarbeidet for ein ny skule i Eidsbøen-området er krevjande. Tidshorisonten for nybygg må forventast å vere tilsvarande Søreide skule i Bergen.

## Referanseprosjekt

<b>Bjørnafjorden kommune</b>	Borgafjellet skule 7100 kvm Kostnad 203 mill Byggeår 2021 Merknader: Byggekostnad eks prosjektering og inventar, veg ferdigstilt før bygging av skule, enkel flat tomt. Prisindeks for byggekostnader er auka med 60% etter dette prosjektet (oppdatert kostnad 320 mill).
<b>Nesodden</b>	Prosjektert skule 5 800 kvm 370 elevar Kostnadsestimat kr 318 - 388 mill (2021-tal) Link: <a href="https://www.nesodden.kommune.no/prosjekt-skolebygg">Prosjekt skolebygg (nesodden.kommune.no)</a>
<b>Øygarden kommune</b>	Spildepollen ca 6000 kvm Kostnad ca 150 mill Byggeår 2019 Merknad: 12 klasserom a 60 kvm, og idrettshall. Prisindeks for byggekostnader er auka med 60% etter dette prosjektet (oppdatert kostnad kr 240 mill)

## Bergen kommune

Kronstad oppveksttun

10 012 kvm

Kostnad kr 598 mill

Byggeår 2022

Merknader: ombygging, riving, nybygg og samankobling

300 elevar

80 barnehageplassar

Link: [Bergen kommune - Kronstad oppveksttun bind saman gammalt og nytt](#)

Eidsvåg skole

4 669 kvm

Kostnadsramme 516 mill

Byggeår: ferdigstilles 2024

Merknader: rehabilitering og nybygg

Link: [Bergen kommune - Byggeprosjekt Eidsvåg skole](#)

Søreide skule

Under prosjektering

6000 kvm

400 elevar

Byggeperiode: ferdigstilling 2028

Link: [Bergen kommune - Byggeprosjekt Søreide ungdomsskole](#)

## Stord Kommune

Nyseter ungdomsskule

10 500 kvm

Kostnad 415 mill

Byggeår: ferdigstilt 2023

Merknader: 190 elever

## 12. Endeleg vurdering og konklusjon

Det er svært vanskeleg, om ikkje umogleg, å legge fram eit forslag til løysing for Storebø skule som alle vil vera nøgde med - det er ei rekke faktorar og omsyn som er del i totalvurderinga. Det er naturleg at det er ulik vektlegging om kva som er viktigast når ein skal bygge ein skule. Spesielt gjeld dette når lokaliseringa langt på veg er avgjort, og ein må gjere det beste ut av det utgangspunktet ein har. Me har hatt god og kyndig bistand av tre kompetente arkitektmiljø som alle har erfaring med skulebygg.

Rådmannen er ikkje i tvil om å tilrå løysinga til Holon. Den utmerker seg i høve til dei andre med eit heilskapeleg, tidsriktig bygg som opnar opp skulebygget mot utearealet og det historiske sentrumsområdet på Storebø. Funksjonalitetskrava er oppfylt, og det er reservekapasitet som kan utnyttast på ein god måte. Bygget er også anvendeleg for andre enn skulen sitt behov. Gymsal, kantine og sosialt rom er plassert i ein del av bygget som lett kan nyttast separert frå dei andre areala. Løysinga har eit areal som tilsvarar dagens areal, men det er meir effektivt, både når det gjeld bruk og ikkje minst med tanke på drift og miljø. Arealet ligg innafor det som er normen for samanliknbare skulebygg som me har sett på. Arkitektonisk er bygget langt rolegare enn dagens uttrykk, og det opnar opp for eit samla, lyst og lunare uteområde enn det som er tilfelle i dag.

Alternativ løysing frå SE Arkitektur er mindre energi- og arealeffektivt. Det har eit areal som etter dei siste elevprognosar, er for stort. Reservekapasiteten blir større enn ynskjeleg, dette kan bidra til høgare drifts- og vedlikehaldskostnader. Austevoll kommune har ambisjonar om å drifte bygga våre effektivt og miljøvennleg, dette er det lagt til rette for med løysinga til Holon.

Rådmannen registrerer at nybygg og renoveringsdelen av dei to alternativa er nokså like når ein reknar i areal. Holon sitt forslag krev meir riving, SE Arkitektur er meir krevande med etablering av nybygg midt i kjerneområdet til skulen. Begge forslaga har ambisjonar om opprusting av uteområdet. Kostnadmessig kan det derfor leggast til grunn at dei er like krevande. Her blir det då avgjerande at Holon si løysing er langt betre med tanke på drift og vedlikehald i eit framtidsperspektiv.

Det er reist merknader til det areal kulturskulen og SFO-delen er tildelt i forslaget til Holon. Rådmannen er einig i at dette må endrast, men det er mogelegheiter gjennom det arealbehovet som elevprognosene no viser. Det er som nemnt utsikter til at deler av trinna ikkje vil vere tredelt dei komande åra. Dette utløyser reserveareal som ein vil be Holon tilpasse. Det same gjeld for arbeidsplassar for lærarane. Dei utfordringar dette reiser, er mogeleg å løyse innafor tilgjengeleg areal i detaljprosjekteringa. Lærarane har også tatt til orde for å spare kostnader gjennom reduserte endringar i administrasjonsbygget mot ei beskjeden utbygging av denne delen. Dette er eit konstruktivt og godt forslag.

Samla sett er Holon sitt forslag best fordi:

- Det gir ein heilskapeleg og funksjonell skule som oppfyller krava i behovsanalysen
- Heile skulebygget blir utnytta
- Miljø- og energimessig effektivt med mindre, men tilstrekkelege areal
- Gode sosiale sonar i konsentrert del av bygget
- Tilrettelagt for bruk på kveldstid av andre enn skulen
- Mindre vedlikehaldskrevande
- Uteområder sørvendt med eit heilskapeleg område rundt
- Meir harmonisk og roleg fasadeuttrykk
- Meir for pengane enn nybygg
- Store vedlikehaldskostnader om ein flyttar skulen frå Storebø
- Hjartesone under etablering ved skulen

Rådmannen ser for seg slik vidare framdrift:

- detaljprosjektering      mai - oktober 23
- kostnadskalkyle        sept - okt 23
- endeleg vedtak        oktober eller desember 23
- anbod                    vinter 24
- byggestart              vår/sommar 24
- ferdigstilling          25/26

